

...men kva er nynorsk *eigentleg*?

Førebuing: - Les side 8–29 av *Rett og godt*



Kva er nynorsk?

Nynorsk er éin av to måtar å skriftfeste det norske språket på. Ingen dialektar er «ny-norske» eller «bokmålske», men somme ligg lingvistisk nærmare den eine eller den andre normalen, noko dei ulike variantane av bergens-dialekten kan illustrere.

Nynorsk kan vera to ulike ting:

- alt norsk språk etter den gammalnorske (fram til ca 1300) og mellomnorske (ca 1300–1537) perioden.
- det eine av to moderne norske skriftspråk, til skilnad frå bokmål.

Nynorsk har òg sin eigen skriftkultur, som er ei eiga grein av den *norske* skriftkulturen.

Nynorsk i Noreg

- Nynorsken byggjer på og samordnar dei norske dialektane
- Eit utspring og friskt skriftspråk, bygt på ein demokratisk grunntanke
- Eit svært godt utvikla litteraturspråk

Refleksjonsspørsmål:

1. Kva er ditt forhold til nynorsk?
2. Kor god er du i nynorsk?
3. Kva trur du skal til for at du blir god i nynorsk, og for at elevane dine skal få lyst til å lære meir nynorsk?

Éin regel om nynorsk: Inkjekjønn fleirtal

Hankjønn og hokjønn, ubestemt fleirtal,
endar på r, det er sikkert og visst.
Inkjekjønn omvendt; r-en er bannlyst,
hugsar du det, blir du meister til sist!

Oppgåve: - Ta kartleggingsprøva på elevrom.sprakradet.no. Noter ned resultatet ditt, så du kan sjekke framgangen din på slutten av kurset.

Nokre reglar for god nynorsk

Førebuing: - Les side 49–65 av *Rett og godt*



1. Skriv ledig og talemålsnært!

«*Skriv ein som mor talar, so treng ein ikkje vera redd for at det skal bli simpelt. Den som tykkjer det er simpelt, han er vel simblast sjølv.*» –Halvor Floden

- Ikkje *Velkommen til min fødselsdag*, heller *Velkommen til fødselsdagen min*
- Ikkje *Det henvisast til Dykker søknad*, heller *Vi viser til søknaden din*
- Ikkje *Det var imidlertid ujamn kvalitet*, heller *men kvaliteten var ujamn*
- Ikkje *miljømessige skadar*, heller *miljøskadar eller skadar på miljøet*

2. Finn rett substantivbøyning

Hovudmønster for bøyting av substantiv:

Hankjønn:

| | | | |
|---------|-----------|--------------|------------|
| Éin gut | Den guten | Fleire gutar | Dei gutane |
|---------|-----------|--------------|------------|

Hokjønn:

| | | | |
|--------|----------|--------------|------------|
| Éi sak | Den saka | Fleire saker | Dei sakene |
|--------|----------|--------------|------------|

Inkjekjønn:

| | | | |
|----------|-----------|------------|----------|
| Eitt lån | Det lånet | Fleire lån | Dei låna |
|----------|-----------|------------|----------|

To viktige unntak:

- Ord som er laga av verb og sluttar på -ing, er hokjønn, men skal bøyast som hankjønn i fleirtal: Éi endring, endringa, endringar, endringane.
- Ord som sluttar på -el får samandraging i fleirtal: Eitt kapittel, kapittelet, kapittel, kapitla.

3. Finn rett kjønn på substantiv

- -a i bestemt form eintal = hokjønn
- -ing og laga av verb = hokjønn (med -ar og -ane i fleirtal)
- -ning = ofte valfritt hankjønn eller hokjønn (bygninga eller bygningen)
- -heit = hokjønn
- -skap = ofta valfritt hannkjønn eller inkjekjønn
- verb + -skap = hankjønn (éin rekneskap)
- Importord som sluttar på trykklett -e = hankjønn

Oppgåver: Løys kvissoppgåvene under kvar video. Du finn òg oppgåvene her:

- Del 1: <https://forms.office.com/e/hUqk13bUvs>
- Del 2: <https://forms.office.com/e/kgtVFf0Bqh>

Over til verba!

Førebuing: - Les side 66–87 av *Rett og godt*



4. -er eller -ar i presens av verb?

Berre dersom eit verb sluttar på **-a** i preteritum (fortid), skal det slutte på **-ar** i presens (notid)

5. Passive setningar og st-verb

- Passive setningar kan skrivast på to ulike måtar på nynorsk:

| Bokmål: | Nynorsk: |
|--------------------------|-------------------------------|
| Saken avgjøres | Saka blir/vert avgjort |
| Enkel s-form | <i>blir/vert + perfektum</i> |
| Saken må avgjøres | Saka må avgjerast |
| Hjelpeverb + s-form | <i>Hjelpeverb + st-form</i> |

- Hugs at språket ofte blir betre av å skrive om til ei aktiv setning!
-

Bøyning av refleksive verb (st-verb)

- Finn den parallelle varianten av st-verbet, utan -st. *Å finnast* → *Å finne*.
- Kopier bøyninga av parallelverbet og legg til -st på slutten av kvar bøyning.
- Fjern overflødige konsonantar, som r-en i presens av svake verb.

| Infinitiv | Presens | Preteritum | Perfektum |
|-----------|---------|------------|-----------|
| Å finne | finn | fann | funne |
| Å finnast | finst | fanst | funnest |

6. Sterke verb

- Øv ekstra på dei sterke verba, for dei vik frå dei vanlege bøyingsreglane
- Ver obs på dei sterke verba som har svak bøyning på bokmål, som *lese* og *grave*.

7. Seks svake verb

Hjelpe, slekke, strekkje, treffje, trekkje og tvinge

- Desse verba er svake på nynorsk, men sterke på bokmål
- Ikkje *hjelpe, hjelp, hjalp, hjulpe*, men *hjelpe, hjelper, hjelpte, hjelpt*.

Oppgåver: - Løys kvissoppgåvene under kvar video. Du finn òg oppgåvene her:

- Del 1: <https://forms.office.com/e/KkYjL1abKW>
- Del 2: <https://forms.office.com/e/JRqXNs5NX3>

Dei siste skrivereglane

Førebuing: - Les side 88–100 av *Rett og godt*



8. Nynorske vokallydar

- *Vere, bere og skjere, vore, bore og skore*
- *Open, opne, opning*
- *Måndag, tysdag og laurdag; søndag eller sundag*
- *Gåve, song og frå; da eller då, no eller nå*

9. J-lyden på nynorsk

- Aldri j mellom k/g og -ing
- Aldri j i substantiv som ønske, merke, tanke, sjølv om tilsvarende verb kan ha det.
- Alltid j i j-verba, som krevje, selje, spørje, telje og velje. Ver obs på bøyninga av j-verba, med éi staving i presens, ofte vokalskifte i fortid og -t i perfektum:

| <i>Infinitiv</i> | <i>Presens</i> | <i>Preteritum</i> | <i>Perfektum</i> |
|------------------|----------------|-------------------|------------------|
| Å krevje | krev | kravde | kravt |
| Å spørje | spør | spurde | spurt |

10. Nynorsk er vanleg norsk

- Ta alltid utgangspunkt i deg og elevane dine sitt kvardagslege talemål
- Hugs at nynorsk ikkje alltid er poetisk eller høgtideleg; alle språk har ulike stillag, også nynorsk!
- Dei fleste ord som er vanleg brukt i talemålet kan brukast på nynorsk. Dette inkluderer til dømes mange an-, be-, -heit og -else-ord, som *anbod, bety, leilegheit og betennelse*.
- Ofte kan du velje fritt mellom ulike ord, som *naudsint* og *nødvendig*.
- Ikkje overdriv skilnaden mellom nynorsk og bokmål i stil og ordval.

Finn den gode språktonen

- Lytt til det du skriv; blir språket stivt? Korleis kan du løyse opp?
- Hugs at det heiter aldri *på noverande tidspunkt*, men heller *no*
- *I forhold til* tyder «samanlikna med», ikkje noko anna
- Pass på særskrivinga: Lytt etter om ordet du skal skrive har éin eller to toppar

Oppgåver: Løys kvissoppgåvene under kvar video. Du finn òg oppgåvene her:

- Del 1: <https://forms.office.com/e/cMn4u8PS1n>
- Del 2: <https://forms.office.com/e/0FZz1snwk2>

Teiknesetjing og fornorskning

Førebuing: - Les side 101–112 av *Rett og godt*



Punktum

- Ikkje punktum i overskrifter og figurtekstar
- Ikkje punktum i mynt, mål og vekt
- Punktum berre på slutten av forkortingar, med mindre det forvirrar

Komma

- Komma etter innleiande leddsetningar, som startar med *når, då, viss, dersom*, eller liknande.
- Komma før og etter innskoten leddsetning
- Komma før og etter forklarande tillegg

Bindestrek og tankestrek

- Pass på skilnaden mellom kort bindestrek (-) og tankestrek / lang bindestrek (—). Danmark-Noreg er namnet på unionen med naboane våre; Danmark–Noreg er til dømes ein fotballkamp.
- Lang bindestrek uttrykkjer forhold mellom to ulike partar (Danmark–Noreg), tid og rom (8–16, Gol–Lærdal)
- Kort og lang bindestrek har aldri mellomrom, tankestrek har alltid mellomrom

Skråstrek

- Skråstrek tyder stort sett alltid *eller*
- Skråstrek skal ikkje brukast i datoar

Apostrof

- Hugs at det ikkje er apostrof før s-genitiv på norsk; *Hansens bakeri, Noregs mållag, Aasens ordbok*

Fornorskning og påverknad frå bokmål

- Skrivemåtar av utanlandske ord er i stadig utvikling. Ingen ville skrive *chauffeur* på norsk no, men ein gong var *sjåfør* like rart som *sørvis* er for somme no.
- Ein del uttrykk som er vanlege i skriftleg bokmål eignar seg ikkje godt på nynorsk. Uttrykk som dei øvrige, einkvar, kun, imidlertid, midlertidig blir ikkje god nynorsk.

Oppgåver: - Løys kvissoppgåvene under kvar video. Du finn òg oppgåvene her:

- Del 1: <https://forms.office.com/e/Xa9SRbnTGc>
- Del 2: <https://forms.office.com/e/mR5VuYAe94>

Å undervise i nynorsk


Førebuing: - Les side 21–48 av *Rett og godt*



Å undervise i nynorsk

- Di tryggare du er på nynorsken, di betre blir du i stand til å lære han bort
- Ikkje overfokuser på grammatikk i starten, men la dei bli kjende med språket
- Prøv å bruke språkbad-metoden, slik at elevane blir vane med nynorsken utan å måtte pugge grammatikk

Progresjon i undervisinga – metodikksirkelen:



Oppgåver:

- 1 Øving i komparativ metode, med utgangspunkt i talemålet: Set opp eit komparativt skjema over aktuelle dialektformer for deg eller for elevane dine, samanlikna med nynorsk. Du kan òg ta med bokmål, viss du vil Samanlikn med oppsettet til andre på grupp viss de er fleire.
- 2 Øving i ulike måtar å laga oppgåver på: Lag eit sett med øvingsoppgåver ut frå teksten i *Rett og godt*, side 41–45. Del dei gjerne inn i lette, middels og krevjande oppgåver.

Innspurt!

Førebuing: - Repeter dei ti skrivereglane for deg sjølv



Nyttige lenkjer vidare:

Nynorskordboka:

<https://ordbokene.no/nn>

Språkrådet:

Nynorsk øvingsrom:

<http://elevrom.sprakradet.no>

Minigrammatikk:

<http://elevrom.sprakradet.no/skolen/minigrammatikk>

Administrativ ordliste (bokmål–nynorsk):

<https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Ordlister/Synonymliste-bokmaal-nynorsk/>

Nynorsksenteret (kvalitetssikra ressursar til bruk i undervisinga):

<https://nynorsksenteret.no/>

Apertium (bokmål–nynorsk maskinomsetjing):

<https://www.apertium.org/>

Framtida (nynorsk nettavis for unge):

<https://framtida.no>

Framtida Junior (nynorsk nettavis for born frå 9 til 13):

<https://framtidajunior.no>

Lukke til!

Jan Olav og Jostein,

Fretland & Fretland AS

Oppgåver:

- 1 Skisser to alternative undervisningsopplegg i nynorsk for ei bestemt klasse som du kjenner. Ta gjerne med metodiksirkelen i planlegginga. Diskuter opplegg med kvarandre.
- 2
 - a) Repeter dei 10 reglane
 - b) Løys oppgåvene på side 118–119 i *Rett og godt*
 - c) Ta oppatt kartleggingstesten på Nynorsk øvingsrom hjå Språkrådet. Sjekk framgangen din frå starten av kurset